

Takk for i år!

07.08.2009



- No takkar vi for i år og takkar alle som på ein eller annen måte har vore med oss og laga den vellukka Festidalen 2009.

Det sa festivalsjef Sveinung M. Pile då han fredag føremiddag var i gang med å skru ned den spektakulære og festlege festivalplakaten til Gaute Haugland. Den har pryda huset som ligg nærast elva.

Til å hjelpa seg hadde han ein 11 år gamal turist frå Klagenfurt i Austerrike - Vanessa Hartner.

Plakaten vil sjølvsagt bli teke godt vare på til neste år - han vil bli plassert i kjellaren under Gamleskulen.

For første gong i samband med Festidalen 2009 tok ellers Sveinung ordet OVERSKOT i sin munn og sa det slik:

- Den fyrste som må skje er at vi nyttar overskotet til å kvitta oss med underskotet som vi har med oss frå tidlegare.

Det vellukka julearrangementet på Dønhaug gjorde oss i stand til å dekkja halvparten av underskotet og no må vi dekkja resten, opplyste Sveinung.

(Foto: Ola Matti Mathisen)